

Årdal sokneråd,
Kommunehuset

4745 BYGLAND

Til Kultur- og Kyrkjedepartementet,
Kyrkjeavdelinga Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO.

dok 708

Kult...	
200606109	28.11.06
Kode	ki-SD1
Beh	

SVAR - HØYRINGSNOTAT - «STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA».

Årdal sokneråd handsama høyringsnotat «Staten og den norske kirke» i møte 31.10.2006 - Sak 17/06 med bakgrunn i skriv frå departementet av 24.04.2006.

Etter ei grundig drøfting vil Årdal sokneråd på denne bakgrunn uttala følgjande til dei ulike spørsmåla som vert reist i høyringsnotatet. Dei ulike svara refererer seg til spørsmåla i tilsendt svarskjema, men då dei gjev lite rom for nyansane i soknerådet sitt syn, vel vi å gjera det på denne måten.

1. Kva overordna prinsipp bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Høyringsinstansen vil understreka verdien og viktigheten av at staten fører ein aktiv trus- og livssynspolitikk med mellom anna lik behandling av ulike trus- og livssynssamfunn så den er i samsvar med demokratiske prinsipp, menneskerettane og internasjonale forordningar. Det gjeld lovgrunnlag og regelverk - så vel som økonomiske støtteordningar til ulike trus- og livssynssamfunn.

På den andre sida meiner rådet at styresmaktene alt svært langt på veg legg til rette for slik jamstilling mellom trus- og livssynssamfunna i Norge, og slik sikrar religionsfri-
domen.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje.

Den norske kyrkje held fram som ei grunnlovsforankra folkekyrkje. Etter soknerådet si vurdering ivaretek det best den historiske og kulturelle tradisjonen som kyrkja vår står i som ei landsdekkande folkekyrkje. Ordninga har vidare synt seg å vera slitesterk med tanke på mangfald og initiativ i kyrkja. Det gjeld i forhold til dei kristne organisasjonane, utprøving av nye kyrkjelydsfellesskap og ulike diakonale tiltak. Vi trur at nettopp denne forankringa til vår felles kultur og historie og mangfaldet, har gjort Den norske kyrkje til kyrkje for dei mange. Den har vore med og skapt tilhørighet og identitet. Difor er ikkje få no redd for å «missa» kyrkja si ved ei forandring i forhold til staten. Dersom det skulle skje, vil ein viktig arena for å nå ut i det offentlege rom med kyrkja sin bodskap som ei Jesu Kristi kyrkje falla.

I staden for uttrykket «statskyrkje» bør «nasjonalkyrkje» koma inn. Det er vidare viktig å streka under at ordninga med eit statskyrkje reint juridisk ikkje kjem i konflikt med religionsfridomen.

I staden for eit endra forhold til staten må reformarbeidet innanfor noverande ordning halda fram. Det gjeld ikkje minst utnemningsretten for prost og biskop, som i sinn grunn er eit reint kyrkjeleg spørsmål. Det er ikkje uproblematisk at politisk valgte styresmakter er med og styrer i indrekyrkjelege spørsmål som mellom anna val av leiarar er. Når det gjeld utnemning av biskop, vil vi på kort sikt peika på ei utviding av noverande prøveordning, der Kyrkjeleg statsråd, som eit kyrkjeleg organ, utnemner ein av dei 3 med flest stemmer i den kyrkjelege avstemminga. Jfr. til dette ordninga i Danmark og Island, der den med flest stemmer vert utnemnt/tilsett. Under reformarbeidet må også spørsmålet om kyrkja sentralt som eige rettssubjekt halda fram, og finna ei løysing som er samsvar med den lokale kyrkja, som alt har det.

3. I kva lov bør den norske kyrkja vera forankra?

Grunnlova.

Soknerådet vil understreka verdien av at kyrkja er forankra i Grunnlova. Det er med og strekar under den nære kontakten mellom kyrkje og folk i landet vårt gjennom historie og kultur. Samstundes er det med og gjev eit signal om at slik ynskjer vi det også for framtida.

Soknerådet finn det vidare naturleg at § 2, andre ledd i Grunnlova om foreldre sin plikt til å oppdra sine born i den evangelisk, lutherske tru fell bort, då det er ei sovande ordning.

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast?

Høyringsinstansen er enig i det utgreiinga seier om trongen for ein samordna økonomi, som er forutsigbar. Det er viktig at medlemsavgift/livssynsavgift ikkje vert noko stort tema i ei ny kyrkjeordning, der dåpen framleis skal vera einaste inngongs-kriterium. Når det gjeld forholdet medlemsavgift/livssynsavgift vil det vera interes-sant å utgreia det nærare.

Dette forutset ei framleis hovudfinansiering (som kjem alle trus- og livssynssamfunn til gode) som i dag. Det må likevel vera mulig å supplera dette med lokal tilleggs-økonomi for utvikling av lokalkyrkja, og ei utfordring til større engasjement for kyrkja si.

Når det gjeld den økonomiske fordelinga mellom stat og kommune, vil soknerådet rå til omlag same ordning som i dag. Vi opplever det lite tenleg at staten skal overta finansieringa av personalkostnadane utover prestenesta, slik eit fleirtal i utvalet går inn for. Det vil vera eit brot på ein svært gamal tradisjon i kyrkja vår som lokal-/kommunekyrkje. Det har stor verdi at nettopp lokalsamfunnet kjenner ansvar for kyrkja i sitt eige nærmiljø også gjennom personalressurssanne til denne kyrkja.

På den andre sida vil vi henta fram forslaget om tilskot/finansiering av vedlikehald av kyrkjene. Dette bør staten overta heilt eller delvis gjennom økonomisk overføring til kyrkjeleg fellelsråd etter kor mange kyrkjes hus rådet har ansvar for. I forlenginga av dette støttar også soknerådet framlegget om at staten overtek heile ansvaret for vedlikehald og bevaring av mellomalderkyrkjene våre, og dei kyrkjene som elles står på Riksantikvaren si verneliste.

Rådet meiner i denne samanheng at det er viktig å sjå på Opplysningsvesens fond som kyrkjeleg eigedom, som uansett kyrkjeordning vert å forvalta av kyrkja til kyrkjelege formål.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vera dersom statskyrkjeordninga fell?

Høyringsinstansen støttar tanken om direkte val til bispedømeråd og kyrkjeråd. Valordninga må utformast slik at valet skjer prostivis. Dette for å få ei mest mogeleg geografisk fordeling av kandidatane, som etter vårt syn også vil sikra større breidde i bakgrunn og syn enn dagen si ordning. Uansett kva kyrkjeordning vi får i framtida må dette spørsmålet vera med i den vidare reformprosessen i kyrkja, som vi etterlyser under spørsmål 2. Ei sterk forenkling av dagen si tungvinte ordning vil her måtta stå sentralt.

Når det gjeld val av sokneråd, bør arbeidet med å få til auka valdeltaking intensiverast sterkt for å minska det demokratiske underskotet vi finn i dag. Eit viktig moment i denne samanhengen er å leggja soknerådsvalet samstundes med stortingsvalet eller kommunevalet. Dette gjeld uansett framtidig kyrkjeordning.

6. Dersom staskyrkjeordninga fell, kva bør i så fall stå i § 2 (eller ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Soknerådet finn det då naturleg at vi får ein eigen verdiparagraf, der også dei kristne grunnverdiane vert tatt med. Det må koma tydeleg fram at nettopp dei kristne grunnverdiane er ein viktig del av vår kulturelle bakgrunn og historie. Dette er verdiar som må halda fram uansett kyrkjeordning.

7. Kven bør ha ansvar for gravferdsordninga?

Høyringsinstansen finn det her naturleg med fleksible ordningar. Lovverket må gje rom for at det i einskilde høve er mest naturleg at kommunen har ansvaret, medan i andre høve er det mest naturleg at denne forvaltninga vert lagt til lokalkyrkja ved sokneråd/fellelsråd. Denne siste muligheten er dei fleste plassar svært praktisk då kyrkjegård og kyrkjebygg svært ofte utgjer ein integrert heilskap. Det er vidare gode røynsler med noverande ordning, og lite som tyder på at den norske kyrkje ikkje er profesjonell nok til å handsama alle likt.

8. Kven bør eiga og forvalta kyrkjebygga?

Det er svært lang tradisjon i landet vårt at lokalkyrkja eig kyrkjebygga og forvaltar dei på vegne av kyrkjelyden. Dette vert sterkt understreka i noverande kyrkjelov. Dette er

viktig. Soknerådet meiner denne ordninga må halda fram, då den også er med og understrekar soknet som grunneininga i kyrkja vår.

Når det gjeld den økonomiske sida av saka, syner vi til vårt svar under spørsmål 4, der vi peikar på at det økonomiske ansvaret må vera ei sak for stat og kommune etter fastlagte og forutsigbare reglar.

Bygland, 31. oktober 2006

Med helsing frå

Årdal sokneråd


Bernt Olav Jønsen

-sekretær-